

30.000 til marknadsføring av Festidalen

23.04.2009



Så fint var veret første dagen av Festidalen i 2007. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Leiinga for Festidalen har fått fleire gledelege meldingar i det siste. Ei av dei er at kommunen løyvar 30.000 kroner frå næringsfondet til marknadsføring av arrangementet dette året. Festivalen søker om 75.000 og opplyser at dei samla driftsutgiftene er berekna til 1.095.000 kroner.**

Dette er Festidalen nummer seks og bakgrunnen er ikkje minst at Festidalen 2009 blir arrangert i nært samarbeid med kommunen sitt 'Kom til Kvinnherad'-prosjekt.

Dei to har felles målgruppe og ser på festivalen som ein god måte å marknadsføra Kvinnherad på. Festidalen er dugnadsbasert og skapar eit felles engasjement i store delar av kommunen, held rådmannen fram i saksutgreiinga si.

- Festidalen kan skapa eit samarbeid på tvers av bygdegrenser og ein møteplass for heile distriktet, skriv han.

Sjølv om dette prosjektet ligg i grenselandet i høve til retningslinene for næringsfondet, ser rådmannen så positivt på samarbeidet mellom Festidaalen og kommunen sitt prosjekt at han vil gi dette tilskotet og det har styret (formannskapet) altså sluttat seg til.

- Dette er ei god marknadsføring av kommunen og kan vera med på å stimulera til flytting til kommunen og betre rekruttering til arbeidsplassar, skriv rådmannen.

Men utifrå dei midlane som er til rådvelde frå fondet finn han likevel ikkje å kunna tilrå den omsøkte summen på 75.000.

Av Ola Matti Mathisen